

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/3871-2

Søknad om tilskot til infrastruktur ved Njøs eigedom som grunnlag for drift av Norsk frukt og bærsepter

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert sett av 4 mill. kr. til forskingsinfrastruktur ved Njøs Eigedom
2. Midlane vert dekkja med utviklingsfond næring, restmidlar frå tidlegare år
3. Ei tildeling føreset fullfinansiering av prosjektet slik det ligg føre i prospekt, eller eit justert budsjett i tråd med den finansieringa det er mogleg å løyse ut frå samarbeidspartar eller gjennom eigen finansiering. Det er ein føresetnad at også andre partnarar går inn med finansiering, og at finansieringa blir på eit slikt nivå at intensjonen bak prosjektet kan gjennomførast
4. Det er ein føresetnad at ei tildeling kan gjerast i tråd med statsstøtteregelverket
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp saka, og tildele midlar dersom vilkåra i denne saka blir følgt opp
6. Ytterlegare finansiering/tilskot vil bli vurdert i samband med Vestland fylke sitt budsjettarbeidet for 2020

Vedlegg:

Søknad, infrastruktur ved Njøs Eigedom som grunnlag for drift av Norsk frukt og bærsepter, datert 29. mars 2019

Prospekt, Norsk frukt og bærsepter

Uttale frå Fylkesmannen i Vestland om Norsk frukt og bærsepter, datert 10. april 2019

Andre relevante dokument i saka:

Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane 2014-2025 – www.verdiskapingaplanen.no

Regionalt bygdeutviklingsprogram for Vestland 2019-2022

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Forsøksgarden på Njøs har lenge vore eit viktig kompetansenav for utviklingsarbeid innan frukt og bær. Dei fleste bygningane på Njøs blei sett opp på 1930-talet, og er ikkje eigna for dagens drift.

Graminor sitt styre vedtok i desember 2018 å flytta jordbærforedlinga til Njøs under føresetnad av at regionale interessentar, og noverande eigarar stiller opp for utvikling av eit nytt selskap der. Dersom Njøs skal kunne tilby eit godt alternativ for norsk frukt- og bærforedling, må dei tilby like gode fasilitetar som i dag blir levert til jordbærforedlingsprogrammet på Bjørke forsøksgård.

Ei samling av frukt og bærforedlinga på Njøs i Leikanger, og investeringar for framtida vil bety mykje for den vidare drift og utviklinga av miljøet på Njøs, og for frukt og bærneringa på Vestlandet.

Det er utvikla eit prospekt for omstruktureringa og investeringane som er planlagt på Njøs, jf. vedlegg. Her er det lagt opp til totale investeringar knytt til utbygging, rekruttering og kompetanse på 50 mill. kr. Dette er delt på Njøs Eigedom med 32 mill. kr., og Norsk frukt og bærseier med 18 mill. kr. Fylkeskommunen vert søkt om 15 mill. kr. til den delen som går på Njøs Eigedom.

Ei vidare utvikling av miljøet på Njøs vil ha store ringverknadar for næringa lokalt, regionalt og nasjonalt. Fylkesdirektøren rår til å støtte søknaden, men det er ikkje rom innan sektoren for dei summene det er søkt om. Det er også noko avgrensa kva kostnader vi har høve til å dekke, med dei midlane som hovudutval for næring og kultur rår over.

2. Historikk og bakgrunnsopplysningar

Njøs Næringsutvikling AS og fylkeskommunalt eigarskap

Njøs Næringsutvikling AS blei oppretta i 2007 (som Njøs Hagebruksseier). Fylkeskommunen var ein av aksjonærene, og eig i dag 22,2 % av aksjane.

Føremålet med eigarskapen til fylkeskommunen var å sikre vidareføring av det viktige FoU-miljøet etter at Bioforsk la ned aktiviteten på Njøs. Saman med Graminor sin aktivitet innan frukt og bringebær var det bærebjelken for vidare drift. Det blei lagt opp til at fylkeskommunen skulle vere aktiv eigar i 5-10 år, for å sikre at selskapet fekk eit godt fagleg og økonomisk fundament. Andre eigarar er: Graminor AS, Gartnerhallen, Lerum AS, Innvik Fruktlager, Sognefrukt, Lærdal Grønt, Vangsnes Grønt, Luster Grønt, Sognabær og Gloppen Produsentlag.

Under handsaming av Eigarmelding 2014 vedtok fylkestinget å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen. Fylkeskommunen har forsøkt å selje aksjane, men har ikkje funne aktuelle kjøparar. I november 2017 oppmoda styreleiari og dagleg leiari i Njøs Næringsutvikling fylkeskommunen om å revurdere standpunktet om sal. Dette var grunngeve med at styret i Graminor vurderte å samle all frukt- og bærforedling på Njøs, og leiarskapen i Njøs Næringsutvikling meinte at framleis fylkeskommunalt eigarskap var eit viktig signal i den pågåande prosessen.

Ved framlegging av fylkestingsak 32/18 Eigarmelding 2018 i oktober 2018, var prosessen knytt til samling av frukt og bærforedlinga framleis ikkje avklara. Fylkeskommunen vedtok då å vidareføre eigarskapen inntil vidare.

Eigedomen på Njøs er i dag eigd av Bjørke Eigedom AS.

Historikk - tidlegare vedtak

I tillegg til eigarskapen i Njøs Næringsutvikling har fylkeskommunen støtta det langsiktige arbeidet med sortsutvikling, arbeid med nyskaping og vekst/lønsemd i frukt og bærneringa i mange år.

Då fylkeskommunen vedtok å gå inn som eigar i Njøs Næringsutvikling, vedtok fylkestinget å støtte selskapet med til saman 1,7 mill. kr. i fem år. Også etter dette har vi årleg støtta programstyret innan frukt og bær (til og med 2014), og basisprosjekt innan nye frukt og bærkulturar (til og med 2018, og ny søknad ligg føre no).

Uttale frå Fylkesmannen i Vestland

Fylkesmannen peikar på at miljøet på Njøs, saman med aktørane i verdikjeda har bidrege til å løfte Sogn og Fjordane fram til å vere det største fylket i landet innan frukt og bær, rekna etter salsverdi på produkta. Fylkesmannen skriv mellom anna dette:

Graminor AS har det nasjonale ansvaret for utvikling av klimatilpassa plantesortar til jord- og hagebruksnæringa, og har no vedteke å flytte jordbærforedlinga til Njøs i Leikanger. Dermed vert all frukt- og bærforedling i Noreg samla på ein stad. Fylkesmannen meiner Sogn og Fjordane kan vere svært stolt over å få eit nasjonalt kompetansmiljø med ansvar for sortsutvikling av hagebruksvekstar.

Kompetansearbeidsplassar innan landbruk er særleg viktig i vårt fylke for å sikre ei levande og nyskapande næring, og å oppretthalde busetting og verdiskaping. Saman med NIBIO Ullensvang vil Norsk frukt- og bærseier medverke til å sikre at det nye fylket framleis er den viktigaste frukt- og bærregionen nasjonalt.

Å støtte ei etablering av Norsk- frukt og bærseier AS vil gjere at fylket får fleire statleg finansierte arbeidsplassar og gje store positive ringverknadar for hagebruksnæringa lokalt, regionalt og nasjonalt, langt utover det årevisse budsjettresultat til selskapet. Vi tilrår difor at Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg økonomisk til å realisere Norsk frukt- og bærseier.

Heile uttalen finn de i vedlegg.

3. Rammer

Strategiar og planverk

37% av den nasjonale produksjonen av frukt og bær kom frå nye Vestland fylke i 2017. Vår del var 50% av epla, 58% av plommene, 61 % av morellane og 65% av bringebæra. For pærer stod vi for 97%, men dette er ein svært liten produksjon. Totalt produserte Vestland 9 000 tonn frukt og bær i 2017. Men for at vi skal greie å halde på, og auke produksjonen samla av frukt og bær, er det stor trong for nye og yngre utøvarar i frukt- og bærseier, meir areal, og auka kunnskap om dyrkingsteknikk og sortar.

Frukt og bær er eit prioritert område både i Regional plan for verdiskaping og i Regionalt bygdeutviklingsprogram. Det er mellom anna mål om å mobilisere for auka planting, høgare avling per dekar, nye produksjonssystem, betre arrondering og bruk av ny teknologi.

Statsstøtteregelverket

Søkjær er eit AS, og det skal opprettast to nye selskap (AS). Fylkeskommunen vert søkt om tilskot/investeringar i eigedomsselskapet. Vi må difor vurdere om søknaden er innanfor statsstøtteregelverket. Vi føreset her at det er aktuelt med eit tilskot, og ikkje aksjekapital.

EØS-avtalen omfattar i hovudsak ikkje landbruk. Basert på dei opplysningane vi har fått framstår Njøs Eigedom å vere eit selskap som skal drive forvaltning og utleige av landbrukseigedom, og ikkje direkte produksjon av landbruksvarer. Vi vurderer det som mest sannsynleg at selskapet blir omfatta av EØS-avtalen. Dersom Njøs Næringsutvikling meiner Njøs Eigedom ikkje vert omfatta av EØS-avtalen må dei gje oss utfyllande grunngjeving for det. Det er også mest truleg at ein god del av aktiviteten i selskapet vert rekna som økonomisk aktivitet. Eit eventuelt tilskot bør difor truleg tildelast i tråd med unntaksheimlar i statsstøtteregelverket.

For Njøs Eigedom kan aktuelle heimlar vere det alminnelege gruppeunntaket og artiklane 17 (investeringsstøtte til SMB) og artikkel 26 (forskningsinfrastruktur). Vi reknar artikkel 26 (forskningsinfrastruktur) til å vere mest i tråd med føremålet til dei midlane som hovudutvalet disponerer. Det er relativt omfattande vilkår ved tildeling av støtte etter artikkel 26, og vi går ikkje inn på alle detaljar her.

Det vil ved ei slik støtte vere viktig å kunne definere kva som er rekna som forskningsinfrastruktur, og det må kunne bereknast kor mykje økonomisk aktivitet og ikkje-økonomisk aktivitet som er knytt til den definerte forskningsinfrastrukturen. Tilskotet skal så reknast ut i tråd med den prosentdelinga. Det kan vere litt krevjande å skissere økonomisk vs. Ikkje-økonomisk aktivitet. Det følgjer også ein del vilkår med ei slik tildeling, mellom anna: klart skilje i rekneskapen mellom økonomisk og ikkje-økonomisk aktivitet, krav om at forskningsinfrastrukturen skal leigast ut til marknadspris, tilgangen skal vere open og tilgjengeleg for alle, og det ligg også ein attendebetalingssklausul dersom den økonomiske aktiviteten er større enn skissert.

Økonomi, og regelverk for midlane

Midlane som er aktuelle å nytte til dette prosjektet er restmidlar frå tidlegare år, som opphavleg skriv seg frå regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Det er ikkje høve til å nytte midlane frå KMD til drift eller investering i aksjekapital. Midlane innan næringsutvikling skal i hovudsak gå til mjuk infrastruktur, og ein har tidlegare vore tilbakehaldne med å støtte bygg med meir.

Innovasjon Norge er fylkeskommunen sitt organ for å handsame direkte bedriftsretta saker, og tilskot til einskildverksemdar. Eit tilskot til Njøs Eigedom vil likevel ikkje bli gitt med tanke på bedriftsmessigs inntening, og vi meiner at eit tilskot til forskingsinfrastruktur som er tilgjengeleg for alle interesserte aktørar er i tråd med føremålet til midlane.

3. Om søknaden

Innleiing – bakgrunn for søknaden

Nye sortar i frukt og bær er avgjerande både for konkurransekrafta og bærekrafta til norsk frukt- og bærproduksjon, og dei må vera tilpassa utviklinga både i marknaden og klima. Stor import fører også til sårbarheit, og det er høg risiko for økosystema ved inførsel av framande artar.

Staten har gitt samfunnsoppdraget med utvikling av nye sortar (sortsforedling) til Graminor, og midlane vert ytte over jordbruksavtalen. Sortsforedling og utprøving av sortsmateriale i frukt og bær har alltid vore ei viktig oppgåve på Njøs, og no er det vilje frå både staten og Graminor til ei større satsing på Njøs innafor dette fagområdet. Denne satsinga inneber å flytte jordbærforedlingsprogrammet til Njøs, og yte ekstra støtte til utvikling av foredlingsprogramma i frukt og bær.

Graminor sitt styre vedtok i desember 2018 å flytta jordbærforedlinga til Njøs under føresetnad av at regionale interessentar og noverande eigarar stiller opp for utvikling av eit nytt selskap der. Det er utarbeidd eit prospekt der ein går inn for å etablere to selskap, eitt nytt eigedomsselskap og eitt driftsselskap. Begge er gjensidig avhengige av kvarandre og begge treng finansiering for å kunne utvikle konseptet Norsk frukt- og bærcenter på Njøs.

Føresetnaden for satsinga er at regionen og næringa stiller opp, og deltek i finansiering av infrastruktur, kompetanseoppbygging og kjøp av oppdrag. Dei fleste bygningane på Njøs vart sette opp på 1930-talet, og er ueigna for dagens drift. Dersom Njøs skal kunne tilby eit godt alternativ for norsk frukt- og bærforedling, må ein kunna tilby like gode fasilitetar som i dag blir levert til jordbærforedlingsprogrammet på Bjørke forsøksgård.

Søklar seier at i motsett fall vil utvikling av nye jordbærsortar bli sett attende, og dette vil ikkje bli akseptert av korkje næringa, styret i Graminor eller staten som oppdragsgjevar. Då vil noverande organisering halde fram, med to halve foredlar-stillingar og 2 tekniskarstillingar innan frukt og bær på Njøs. Dette er ikkje berekraftig korkje for norsk frukt- og bærforedling eller for fagmiljøet på Njøs. Dersom ein ikkje lukkast med å skaffa tilstrekkeleg finansiering til å utvikle stasjonen no, vil den få store utfordringar både med rekruttering og oppgåver i åra som kjem, og både norsk frukt- og bærproduksjon og regionen vil tapa posisjon.

I søknaden står det at dei offentlege eigarane sjølv må velja om dei ynskjer å yte tilskot eller om det er ynskjeleg å gå inn med midlar som aksjekapital.

Forsøksgården på Njøs

Forsøksgården på Njøs har vore ein viktig aktør i utvikling av norsk frukt og bær sidan oppstarten i 1920. Det har vore mange omorganiseringar gjennom snart 100 år, og ein står no framfor ei ny omorganisering.

Bjørke Eigedom eig eigedomen på Njøs. Bjørke Eigedom eig også Bjørke forsøksgård der Graminor har hovudsete. I tida etter 2007 har Njøsmiljøet lansert mange nye sortar i frukt og bær, der den mest suksessfulle er pæresorten Celina, som er seld til 11 land utanom Noreg. Njøs næringsutvikling AS har hatt Arenaprojekt innan frukt og bær, som det fyrste i landet innan frukt og bær, det har vore arbeidd aktivt innan økologisk produksjon, innan kompost og utvikling av nye frukt- og bærslag, m.m. Miljøet har levert gode resultat og vakse seg mykje sterkare dei siste 10 åra.

Eigedomen på Njøs har eit samla landareal på 339,1 daa. Av dette er 80,5 daa fulldyrka. Til eigedomen høyrer fleire bygningar. Dei fleste bygningane er gamle, og bygde om til dagens bruk.

Jordarealet vert i dag nytta til forsøksfelt i frukt og bær, oppbevaring av genetiske ressursar og noko produksjonsfelt. Bygningane utanom kontoret vert nytta til forsøksverksemd, til Graminor, Njøs næringsutvikling, NLR vest og andre som har behov for å leiga plass til analyser (t.d. NIBIO, HVL, Sognefrukt Lerum).

Kontorbygget har kontor, kantine og bibliotek/møterom. Møterommet vert fleire gonger i året nytta i samband med kurs og møte for produsentar som vert haldne av leigetakarar på kontoret eller andre leigetakarar.

Njøs eigedom vil få om lag tilsvarande funksjon som det Bjørke eiendom dekkar idag, men med eit vesentleg forbetra tilbod på forskningsinfrastruktur. Denne vil bli utleigd til alle som ynskjer å nytte seg av den.

Konseptet

Norsk frukt- og bærsepter AS skal etablerast som ei vidareføring av Njøs næringsutvikling AS, og skal mellom anna utføre frukt- og bærforedling på oppdrag frå Graminor innafor eple, plumme, jordbær og bringebær. Norsk frukt- og bærsepter vil med dette få ei tydeleg nasjonal oppgåve gjennom å bidra til at næringa får konkurransedyktige sortar. I tillegg vil senteret ha oppgåver knytt til dette fagområdet, som mellom anna å fylgja opp pæresortar som er utvikla, og vidareføre oppgåver som i dag ligg i Njøs næringsutvikling, særleg innafor berekraftige produksjonsformer og innovative produkt, men også innan klyngjeutvikling.

Njøs eigedom AS skal kjøpe eigedomen på Njøs av Bjørke eiendom AS, og saman med regionale aktørar utvikla eigedomen slik at den blir tenleg for Norsk frukt- og bærsepter og andre leigetakarar.

Søkjjar skriv at dersom ein skal lukkast med konseptet, er ein avhengig av å få reist tilstrekkeleg kapital til nye bygningar som kan gje driftsselskapet Norsk frukt- og bærsepter og andre leigetakarar gode vilkår for drift. Leigetakarane arbeider med oppgåver som kjem landbruksnæringa og samfunnet til nytte, og har ikkje mål om avkastning for aksjonærene. Difor må leigekostnader haldast på eit nivå som gjer at det ikkje går ut over drifta i desse selskapa. Med den bakgrunnen ynskjer ein å ha hovudvekt av offentlege eigarar med regional tilknytning i eigedomsselskapet.

Eigedomen vil med dette få ei sterk regional forankring, medan driftsselskapet Norsk frukt- og bærsepter AS vil få store nasjonale oppgåver i tillegg til ein regional profil.

Prosjekt mål

Målet med prosjektet er å byggje ut eit moderne FoU- og innovasjonsanlegg i frukt og bær på Njøs. Forskningsinfrastrukturen skal først og fremst nyttast av Norsk frukt- og bærsepter, men også av andre leigetakarar hjå Njøs eigedom og andre som kan ha interesse av å leige seg inn i anlegget.

Prosjektorganisering

Dei to nye selskapa er ikkje oppretta enno, og det er difor Njøs Næringsutviklings som står som søkjjar. Njøs eigedom vert organisert som eit aksjeselskap.

Njøs eigedom skal ikkje ha tilsette, men administrative oppgåver skal løysast gjennom avtale med Norsk frukt- og bærsepter AS. Det er ein berekna årsumsetnad 1 mill. NOK i eigedomsselskapet, og balansen blir om lag 32 mill kr i starten (tilsvarande investeringa). Norsk frukt- og bærsepter, som er største leigetakar, vil få ein årleg omsetnad på rundt 14 mill. kr. og ein balanse på rundt 5 mill kr. Talet på tilsette vil bli 12-14 personar. I tillegg til 3 tilsette i NLR Vest, som medfører 15-17 personar totalt som vil ha sin daglege arbeidsplass på eigedomen som vert forvalta av Njøs eigedom AS.

Samarbeidspartar og forankring

Viktigaste samarbeidspartnarar blir:

Norsk frukt- og bærsepter (Aksjonær, leigetakar og adm)

Graminor (Privat aksjonær)

Norsk landbruksrådgiving vest (Leigetakar)

Nye leigetakarar

Det vert vist til at frukt og bær er eit prioritert område i Regional plan for verdiskaping for Sogn og Fjordane. Det vert også vist til Helsedirektoratet sin nasjonale handlingsplan 2017-2021 som legg opp til 20% auke i forbruket av frukt og bær, og St.pr.nr 1 S (2018-19) og jordbruksoppgjæret 2018 der inntektsmogelegheitene i frukt og bær blei styrka.

Resultat og effektar

Eigedomsselskapet sine resultat vil bli målt gjennom leigetakarane sine aktivitetar.

Søkjjar seier at under føresetnad av at dei får gode vilkår å driva for, vil det medføra ein årleg omsetning på Njøs på anslagsvis 15 mill kr i 2020. Denne vil, med bakgrunn i investeringane, kunne auke i åra framover.

Aktiviteten på Njøs er første steg i ei verdikjede, der produkta som vert utvikla i hovudsak kjem andre aktørar lengre ute i verdikjeda til nytte. Ei vellukka satsing i eigedomen på Njøs vil føre til ei styrking av frukt- og bærproduksjonen både i Sogn og Fjordane, og i Vestland.

Eit døme på utvikling som er gjort på Njøs er bringebærsorten Glen Ample som vart teken i bruk i

nye dyrkingssystem utvikla på Njøs i 2001. Produsentar i Sogn og Fjordane tok denne i bruk og årleg fyrstehandsverdi av bringebær i korgar til konsum frå fylket er om lag 35 mill kr. Totalt i Noreg er den årlege verdien til konsum mellom 70 og 100 mill kr. Før dennen sorten kom, var bringebær til konsum ein ubetydeleg produksjon.

Norsk pæreproduksjon var i sterk nedgang gjennom heile 1990-talet, og produksjonen hadde blitt nærast borte dersom ikkje sorten Ingeborg som vart lansert frå Njøs, hadde blitt teken i bruk frå årtusenskiftet. Etter dette vart sorten Celina sendt ut i 2010, og den gir årlege inntekter i form av royalties til Graminor gjennom sal av tre og import av frukt. Norsk produksjon var 30 tonn i 2018, og vil med noverande planting auka til 200 tonn i løpet av tre år. For produsentane utgjer det ein meirverdi på om lag 4 mill årleg. Planen er å auka dette til 1000 tonn i løpet av 15 år.

Søklar skriv at realisering av nye bygg på Njøs i regi av Njøs eigedom AS er avgjerande for å halda fram aktiviteten i framtida. Det er såleis eit vere eller ikkje vere for verdiskapinga som skjer i bedriftene som held til der. Gode fasilitetar er avgjerande for å oppretthalde eit sterkt fagmiljø på Njøs. Oppgraderinga vil gje gode utviklingsmogelegheiter for dei bedriftene som er på Njøs i dag, og vil kunne tiltrekke seg nye. Det gir grunnlag for tilføring av nye, langsiktige oppgåver og høve til rekruttering og vidareutvikling av spesialkompetanse.

I søknaden står det at dersom bygging ikkje blir realisert vil det ikkje bli tilført langsiktige oppgåver til driftsselskapet Norsk frukt- og bærseier, som vil bli hovudleigetakar. Graminor si drift vil etter kvart bli avvikla og med det vil grunnlaget for drift i Njøs næringsutvikling bli svært vanskeleg. Effekten for norsk frukt- og bringebærproduksjon vil bli svært negativ.

Tidsplan, budsjett og finansiering

I søknaden vert det sagt at detaljert framdriftsplan vert utarbeidd etter at finansiering av prosjektet er på plass. Budsjett og finansiering gjeld Njøs Eigedom, som er den delen som fylkeskommunen vert søkt om støtte til.

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Bibliotek/arkiv, bøker og historisk materiale	100 000					100 000
Fruktlager m/tilh. laboratorier	2 000 000	4 000 000				6 000 000
Garderobeanlegg m/sluse for risikoavlastning		1 000 000				1 000 000
IKT/ styringssystem og overvaking forsøksanlegg		500 000				500 000
Karantene/mottak/rensin sanlegg		1 100 000				1 100 000
Kjøp av eiendom	3 000 000					3 000 000
Kryssingsveksthus/ oppbevaring genressurs		1 200 000				1 200 000
Laboratoriebygg m/lab og vekstrom	2 000 000	4 900 000				6 900 000
Lager for spesialmaskiner og reiskapar		2 500 000				2 500 000
Møterom/konferanserom m/kantine		4 000 000				4 000 000
Ny fossilfri energiløysing		1 000 000				1 000 000
Nye kontor		1 000 000				1 000 000
Prosesseringsrom for småskalaproduksjon		1 000 000				1 000 000
Vegar, murar, ute-anlegg	1 700 000	1 000 000				2 700 000
Sum kostnad	8 800 000	23 200 000				32 000 000

Summen i 2019 avheng av kor raskt ein får på plass finansiering og kapasitet på planlegging. Det er mogeleg at noko av bygginga og ferdigstilling vil bli i 2021

Søkjær er blitt beden om å spesifisere kostnadsoppsettet med tanke på forskingsinfrastruktur. Dei har ikkje fullt oversyn over nødvendig forskningsinfrastruktur som trengs enno. Den største delen går på spesialtilpassa bygg i Njøs eiendom AS, så summene er sette opp med bakgrunn i innhenta tilbod og beste skjønn.

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigne midlar og lån		5 500 000				5 500 000
Enova		500 000				500 000
Graminor	3 000 000					3 000 000
Kommunar i Sogn og Fjordane	4 000 000					4 000 000
Næringsaktørar og private investorar		4 000 000				4 000 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	15 000 000					15 000 000
Sum finansiering	22 000 000	10 000 000				32 000 000

Finansieringsplanen gjeld Njøs eiendom. Som vedlagde prospekt viser, er det også ein stor sum knytta til Norsk frukt- og bærseier AS. Desse to selskapa heng nær saman, då det eine ikkje kan eksistere utan det andre. Samla investeringar i perioden 2019-2024 er berekna til 50 mill kr.

4. Vurderingar og konsekvensar

Vurdering av konsekvensar for fagmiljøet på Njøs og frukt og bærneringa i Vestland
Anlegget på Njøs slik det er i dag er ikkje godt eigna for den aktiviteten som er der i dag, og som ein ynskjer å ha i framtida. Vi er einige med søkjær i at gode fasilitetar er avgjerande for å

oppretthalde eit sterkt fagmiljø på Njøs. Ei oppgradering av anlegget er også avgjerande for om Graminor vil legge sin foredlingsaktivitet til Njøs.

Foredlingsaktiviteten på Njøs har hatt gode resultat, og fagmiljøet på Njøs er svært viktig for frukt og bærneringa. Saman med aktørane i verdikjeda har miljøet bidrege til å løfte Sogn og Fjordane fram til å verte det største fylket i landet innan frukt og bær, rekna etter salsverdi på produkta. Det går føre seg ei stor teknologisk og kunnskapsmessig utvikling innan fagområdet, og for å konkurrere med utanlandske sortar er det avgjerande å vere med på denne utviklinga og ha gode nok fasilitetar.

Kompetansesarbeidsplassar i landbruket er særleg viktig i vårt fylke for å sikre ei levande og nyskapande næring, og oppretthalde busetnad og verdiskaping. Ei positiv utvikling i hagebruksnæringa er også positivt for andre næringsgreiner som til dømes reiselivet, og for utvikling av tilleggsnæringar og vidareforedling av produkta. Utvikling av nye klima- og marknadstilpassa sortar i frukt og bær er avgjerande for framtida til norsk frukt og bærproduksjon, og for framtidig matvareberedskap. Kompetansemiljø innan hagebruksnæringa og sortsutvikling er også viktig med tanke på ei berekraftig utvikling med utvikling av norske sortar i staden for import.

Fylkeskommunen støttar ikkje bedriftsutviklingsprosjekt med tanke på profitt for einskildbedrifta. Eit tilskot her vil ikkje vere grunngeve med støtte til eit eigedomsselskap i seg sjølv, men funksjonane som skal danne grunnlag for forskning og utvikling innan næringa, og vere avgjerande for framtida til Norsk Frukt og bærcenter, og andre selskap si utvikling på kompetansenavet i Leikanger.

Form og størrelse på tilskot

Med tanke på ovannemnde vurdering rår fylkesdirektøren til å strekke seg langt for å bidra økonomisk i prosjektet. Det er også slik at sjølv om det er noko restmidlar innan sektoren, så er det avgrensa ressursar som bør disponerast mellom fleire viktige prosjekt for fylket. Vi tenkjer at ein sum på 4 mill. kr. vil vere ein betydeleg sum for sektoren, og eit godt bidrag inn i prosjektet. Så må vi også ta omsyn til statsstøtteregelverk, og reglar for midlane vi disponerer.

Midlane som hovudutvalet disponerer kan ikkje nyttast til drift eller aksjekapital i bedrifter, det er såleis utviklingsprosjekt som er aktuelle å støtte i form av tenestekjøp i tråd med innkjøpsregelverket eller tilskot i tråd med statsstøtteregelverket. Det er også slik at det er signalisert at eit eigarskap i Njøs Næringsutvikling skulle vere tidsavgrensa, og det er i gang ein prosess for å avvikle eigarskapen. Ein prosess som er utsett på grunn av avklaringar av framtida til anlegget på Njøs. I lys av ovannemnde ser vi det ikkje som naturleg å gå inn som eigar i eit nytt selskap. Dette ligg heller ikkje til hovudutvalet å vedta investeringar i selskap.

Regelverk

Vi meiner det er høve til å nytte midlar frå KMD til dette prosjektet sidan grunngevinga er utvikling av næringa, forskning og sortsutvikling. Men vi rår til å nytte artikkel 26 (forskningsinfrastruktur), og ikkje artikkel 17 (investeringsstøtte til SMB), som vi ser på som meir aktuell til bedriftsutviklingsprosjekt og ikkje så i tråd med føremålet med midlane.

På grunn av det store investeringsbudsjettet er vi noko usikker på om heile prosjektet kan gjennomførast, i alle fall i første omgang. Det kan difor vere greitt å vente til finansiering er nærare avklara før ein gjer den jobben som må gjerast for å tildele midlar i tråd med artikkel 26. Vi bør velje ut ein, eller nokre få definerte forskningsinfrastrukturar (ein lab til dømes), og vurdere om denne oppfyller krava i regelverket. Så må det klargjerast kva bruk det skal vere av forskningsinfrastrukturen (prosentdel økonomisk aktivitet), og så må tilskotssummen reknast ut frå dette. Vi merkar oss at det i søknaden står at leigetakarane skal få gode vilkår for drift. Men ved eit tilskot til forskningsinfrastruktur er det mellom anna krav om utleige til marknadspris.

Vidare prosess

Vi tilrår å setje av 4 mill. kr. til investeringar i forskningsinfrastruktur i Njøs Eigedom. Dette er ein betydeleg mindre sum enn det er søkt om. Vi vurderer det slik at det er den summen vi får til innan sektoren no. Innanfor dei rammene vi har, og dei tildelingane vi normalt gjer, så er dette likevel eit svært stort tilskot.

Fellesnemnda har oppmoda dei to fylkestinga om å avsette årsresultatet for 2018 til disposisjonsfond slik at det kan nyttast som eit kortsiktig salderingstiltak i 2020. Fellesnemnda har bede prosjektleiar om å vidareformidle denne oppmodinga til dei to fylkesrådmennene slik at dei kan vurdere dette i arbeidet med saka om godkjenning av rekneskapen for 2018. Det blir difor ikkje lagt opp til administrativt å løfte saka inn mot fylkestinget i juni. Fylkesdirektøren vil løfte saka vidare inn mot budsjettframlegget for 2020 for Vestland fylkeskommune, der det kjem ei administrativ tilråding på seinsommaren 2019. Slik det ser ut i dag er det ikkje å vente stor auke i disponible midlar, og det vil bli vanskeleg å løfte prosjektet innanfor sektoren.

Vi vil difor oppmode Njøs Næringsutvikling om å jobbe vidare med andre finansieringskjelder, auka låneopptak, eller vurdere om investeringsbudsjettet kan reduserast noko.

Det er ikkje nok opplysningar i søknaden i dag til å gjere ei slutt-tildeling etter det alminnelege gruppeunntaket, artikkel 26. Det kan vere naturleg at det kjem meir avklaringar knytt til anna finansiering, og eventuelt endringar i kostnadsplanen før det blir lagt arbeid i å spesifisere dette ytterlegare. Vi rår til at fylkesdirektøren får fullmakt til å gå i vidare dialog med Njøs Næringsutvikling og tildele midlar dersom finansieringa ser ut til å løyse seg, og vi har nok opplysningar til å tildele støtte i tråd med statsstøtteregelverket.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at det blir sett av sett av 4 mill. kr. til forskingsinfrastruktur ved Njøs Eigedom. Grunngevinga for dette er dei positive ringverknadane dette vil gje for kompetansemiljøet på Njøs, og for frukt og bærneringa i nye Vestland fylke.

Midlane vert ikkje tildelt Njøs Næringsutvikling no, då det står att avklaringar mellom anna knytt til finansiering av investeringane og at vi treng meir informasjon til å gjere ei tildeling i tråd med statsstøtteregelverket.

Avsette midlar er mindre enn søkt om, og fylkesdirektøren rår til å vurdere saka vidare inn mot budsjett for 2020 for Vestland fylkeskommune.

Vi legg opp til at fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp saka, og tildele midlar dersom vilkåra i denne saka blir følgt opp. Vi vil orientere utvalet ved behov.